



Arkivnr: 2014/10506-5
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne valperioden - Endeleg

Bakgrunn for saka.

I februar 2011 gav Kommunal og Regionaldepartementet (KRD) ut kontrollutvalsboka. Boka er utarbeida av Deloitte AS på oppdrag frå KRD og er ein lekk i å styrka arbeidet med eigenkontrollen i kommunane.

Kommunal og regionalminister Liv Signe Navarsete påpeikte dette under lanseringa av boka:

"Målet med Kontrollutvalsboka, som Deloitte har skrivne på vegne av departementet, er å skape større forståing for rolla og oppgåvene til kontrollutvalet, og bidra til eit godt samspel mellom aktørane i eigenkontrollen."

Kapittel 11 i boka omhandlar "Oppfølging og evaluering" av kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen sitt arbeid. Sidene 142 og 143 i boka, som omhandlar evaluering og erfaringsoverføring til nytt kontrollutval, ligg ved. På bakgrunn av dette vart det gjennomført ei evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i denne valperioden i møte 17.6.15. I evalueringa deltok fylkesvaraordførar, fylkesrådmann, kontrollutval, sekretariat og revisjon. Til hjelp i dette arbeidet vart det nytta eit skjema som sekretariatet hadde laga med aktuelle spørsmål. Ferdig utfyllt skjema etter juni møtet ligg ved.

I møtet 17.6.15 i kontrollutvalet vart m.a. dette protokollert:

«Resultatet av arbeidet vart notert inn i «Skjema for evaluering av arbeidet i kontrollutvalet» som låg som vedlegg til denne saka. Det vert også lagt opp til at evalueringa skal presenterast for dei andre fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet i felles evalueringssamling i Flåm 22. – 23.6.15. På bakgrunn av det som kjem fram under samlinga i Flåm vert endeleg evaluering å kome attende til i neste møte.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. *Resultat av denne evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i valperioden 2011 – 2015 vert å leggje fram for kontrollutvalet i valperioden 2015 – 2019.*

2. *Endeleg evaluering etter samlinga i Flåm, vert å komme attende til i neste møte.»*

Drøfting:

I tida 22. – 23.6.15 deltok kontrollutvalet i ei felles evalueringssamling i Flåm saman med dei andre fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet. Sekretariatsleiarane i dei fire fylkeskommunane skal ha felles skype-møte 21.8.15 der dei m.a. skal opp summere evalueringssamlinga. Avhengig av kor langt ein kjem med oppsummeringa i dette møtet, vil resultat av evalueringa verta presentert for kontrollutvalet i dette møtet.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at oppsummeringa som vert presentert i møtet, saman med egne erfaringar kontrollutvalet gjorde under samlinga i Flåm, vert lagt til grunn med tanke på å få fram ei endeleg evaluering av arbeidet i denne valperioden. Evalueringa bør resultere i eit forslag til ev. endringar/betringar i rutineane som kan gjere arbeidet med eigenkontrollen i Hordaland fylkeskommune enno betre. Resultatet av evalueringa bør leggjast fram for kontrollutvalet i valperioden 2015 - 2019.

Forslag til vedtak

Resultatet av endeleg evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune i valperioden 2011 – 2015 vert å leggje fram for kontrollutvalet i valperioden 2015 – 2019.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
Utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Kontrollutvalsboka - Evaluering
- 2 Skjema for resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet 17.6.15